



Andreas Granli Søraa

Eknes 17

5993 OSTEREIDET

Referanser:

Dykker:

Vår: 19/1126 - 19/13755

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

03.05.2019

Konsesjon for kjøp av gbnr 238/4 Eknes indre

Administrativt vedtak. Saknr: 267/19

Vedtak

Lindås kommune gjev Ivan Myhr og Kine Iren Nordal konsesjon for kjøp av landbrukseigedommen gbnr 238/4 Eknes indre i Lindås kommune. Kjøpesummen er kr 5.700.000,- Vedtaket har heimel i §§1 og 9 i konsesjonslova.

Mynde : Saka er handsama administrativt av landbruksjefen etter delegert mynde frå Rådmannen.

Saksutgreiing :

Saka gjeld :

Sambuarparet Ivan Myhr og Kine Iren Nordal søker konsesjon for kjøp av gbnr 238/4 Eknes indre. Det vert opplyst at det ikkje er aktiv drift på eigedomen i dag og at søkjarane sitt formål med kjøpet er bustad. Avtalt kjøpesummen er kr 5.700.000,-

Det ligg ikkje føre skøyte eller kjøpekontrakt i søknaden.

Dokument i saka :

- Søknad om konsesjon, motteken 8.april 2019



Landbrukseigedomen gbnr 238/4 Eknes indre :

Ifølgje Nibio sitt gardskart er eigedomen sitt totalareal 200,6 dekar. Av dette er 10 dekar full- og/eller overflatedyrka jord og 2,5 dekar er innmarksbeite. Vidare er det 159,1 dekar produktiv skog og 26,1 dekar anna utmark. Til slutt er det 2,9 dekar tun/hage/bygg/vei.

Det er eit stort og påkosta bustadhus med tilhøyrande uthus og garasjebygg på eigedomen.

Lovverk :

Saka skal handsamast etter konsesjonslova då eigedomen er over 100 dekar stor. Det er ikkje priskontroll på eigedomen då det er mindre enn 35 dekar full- og/eller overflatedyrka jord på eigedomen. Saka skal handsamast etter §§1 og 9 i konsesjonslova.

Konsesjonslova har til formål å regulera og kontrollera omsetning av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbrukets produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, bl.a. for å tilgodesjå:

1. framtidige generasjonars behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. omsyn til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsinteresser.
5. omsynet til busetting.

Vurdering :

Ved kjøp av landbrukseigedom skal saka vurderast etter § 9 i konsesjonslova. Der skal ein vurdere :

1. om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området,
2. om ervervet innebærer ei driftsmessig god løsning,
3. om kjøpar er skikket til å drive eiendommen,
4. om kjøpet i vare tek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Busetting

Positivt at kjøpar ynskjer å busette seg på landbrukseigedomen tross at det ikkje er buplikt på eigedomen.

Driftsmessig løysing

Søkjær opplyser at innmarka framleis vil bli hausta av same brukar som disponerer arealet i dag. Såleis vert driveplikta oppfylt. Aktiv gardbrukar får behalde fôrgrunnlaget til husdyrhaldet sitt. Dette er ei god løysing for begge parter.

Planteskog krev også stell, vedlikehald og hogst. Ein vil oppmøde søker om å ta kontakt med skogbruksansvarleg i kommunen for råd og rettleiing.

Skikka til å drive eigedomen

Kjøpar oppfyller driveplikta si ved å leige vekk innmarka på eigedomen såleis er det ikkje naudsynt å ta stilling til dette.

Heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Kulturlandskapet vert skjøtta og innmarksressursane vert utnytta ved bortleige.

Konklusjon :

Det vert gjeve konsesjon til sambuarparet Ivan Myhr og Kine Iren Nordal for kjøp av landbrukseigedommen gbnr 238/4 Eknes indre.

Gebyr :

Søkjar får tilsendt faktura pålydande kr 2000,- i sakshandsamingsgebyr for kurante konsesjonssaker jfr Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2019.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbruksjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Andreas Granli Søraa	Eknes 17	5993	OSTEREIDET
Ivan Myhr	Veland 7	5993	OSTEREIDET